

## **NYNORSK, DET GÅR GREITT!**

### **Med takk for Austmannaprisen 2024**

Hjarteleg takk for Austmannaprisen – det gledde meg storleg! For, Austmannaprisen er noko spesielt for meg, som på mange vis voks opp med Austmannalaget som kulturelt og språkleg bakteppe:

Farfar, Gunnar Skirbekk, var med å skipe laget, i 1899. Far, Håvard Skirbekk, gav ut *Årbok for Glåmdalen* i vel 40 år, frå 1941 til han døydde i 1983, med Austmannalaget som utgjevar. Og morfar, Sigurd Nergaard, var mellom anna norsk lærar for Halldis Moren, seinare Vesaas. Kort sagt, både foreldra og alle fire besteforeldra var målfolk.

Som Hamar-gut vart eg to-språkleg – for ikkje å seie tre-språkleg, om vi tek med hedmarksdialekta, i tillegg til nynorsk og bokmål.

Og for vel 66 år sidan, mellom vårsemesteret og haustsemesteret, som medisinstudent ved Universitetet i Oslo, sat eg på heimekontoret til far, heime på Sagatun, og skreiv. Resultat, boka *Nihilisme? Eit ungt menneskes forsøk på å orientere seg* – på eit dialektnært nynorsk. Oppstyret var uventa. Før jul kom boka i to opplag, og på vel eitt år vart boka omtala eller referert til av over 70 personar i meir enn 40 norske aviser og tidsskrift.

Etter dette, då eg skulle opp til eksamen i anatomi, i preklinikken ved Universitetet i Oslo, var det ein av medstudentane som gav uttrykk for at han ville skrive konservativt bokmål – i håp om at det ville vere gunstig for utfallet, ettersom oppgåvene skulle vurderast av professor Jan Jansen, som gjekk for å vere ein konservativ embetsmann av den gamle skule. Eg skreiv nynorsk, som alltid. Den nemnde medstudenten (som no har gått ut av tida), fekk laud, men nedst på skalaen. Eg, med nynorsken, fekk også laud. Men øvst på skalaen.

Så nynorsken, som fagspråk, framstod ikkje som eit problem. Ikkje den gong, og heller ikkje seinare, då eg skifta beite og endte opp som filosof.

For, vel ferdig med preklinikken før eg til utlandet, først til Paris, så til Tübingen, og deretter til Bergen. Der fekk eg stilling ved Filosofisk institutt, med mange nynorskbrukande venner og kollegaer – slik som Hans Skjervheim, Jon Hellesnes, Ånund Haga, Atle Måseide, Audgunn Oltedal, Målfrid Krohn Sletten, med fleire. På 70-talet vart det sagt at nynorsk var hovudmål på Instituttet, med tysk som sidemål.

Som 25-åring tok eg til å undervise i filosofihistorie. Eg likte jobben, eg likte studentane. Og det heile gjekk på nynorsk – også då eg tok til å skrive det ned, og det vart bok av det heile. Etter kvart tok andre til å bruke boka. Først her i landet. Seinare, også andre stader. I Danmark vart boka brukt ved danske universitet, på nynorsk. Men etter ei tid,

då dansk Gyldendal fann ut at det var pengar å tene på ei danskspråkleg utgåve, skreiv den danske omsetjaren dette, i forordet til den danskspråklege utgåva: «Ved oversættelsen har jeg bestræbt mig på at bevare originalens ligefremme og letlæste sproglige form.»

Så skal vi tru den danske omsetjaren, kan det ikkje stå så ille til med nynorsken, som akademisk bruksspråk! I dag ligg boka føre på 18 språk. Og tilbakemeldingane tyder på at «originalens ligefremme og letlæste sproglige form» går heim, også i omsetjingane.

Men byter eg aldri språk? Jau, på den dansk-tyske grensa! Sør for grensa går det på tysk. Nord for grensa, på nynorsk. Til dømes: i 2009 heldt eg førelesing i Sønderborg, på nynorsk. Neste år vart teksten trykt i *Årbog for Museum Sønderjylland*. På nynorsk. Utan kommentar frå redaksjonen. Men profesjonelt og smakfullt illustrert.

Eg vart verande vestpå, i Bergen – der kollega og erkebergensar Arild Haaland hengde opp diplommet for æresmedlemskap i Vestmannalaget på kontordøra, der erkebergensaren Knud Blaauw tok overgang frå riksmålsforbundet til mållaget, og der ein annan erkebergensar, journalist og forfattar Sjur Holsen, kunngjorde at «her er me annleis, her brukar me nynorsk».

Kort sagt, eit langt og godt liv med nynorsk som morsmål og bruksspråk! Så hjarteleg takk for Austmannaprisen! Og lukke til med arbeidet vidare framover!

Gunnar Skirbekk